

Ulvikasongen – Heimbygdæ mi. Ordforklaringar.

Magnus Hydle (1868-1944) skreiv denne songen, som opphaveleg heitte ”heimbygdæ mi”. Då Jakob Lekve (1923-79) sette tone til, så vart songen både spela og sunge. Då vart han til ulvikasongen.

Svært mange har sagt at songen har ord dei ikkje skjønar. Det er nok slik. Songen er så å seia skriven på dialekt, og det som i si tid var ulvikamål. No er denne dialekten vekke for mange, og jamvel ein del skriftord veit ikkje folk kva tyder. Difor skal eg no gjera litt greie for ein del ord.

Kort rettleiing:

Nå skjønar mange mykje, mange mindre, og somme svært lite. Viktigast er likevel at songen vert sunge, og det er dei flinke til i Ulvik.

For det fyrste: Um, upp, yver, vert no skriven med o, hokjøn i bunden form, til dømes bygdæ er bygda, æ er er, ao er å, da er det, og bunden form inkjekjøn, til dømes viddo er vidda.

Så til einskildord

Eg tek med det eg kan tru kan vera uklårt, og slike ting eg har fått spørsmål om. For det fyrste ingjensta, som folk framleis skjønar er ingen stad. Så tek eg strofe for strofe.

Fyrste strofa: Løyne er gøyma, bljug er finsleg eller smålåten, floarmaol er grensa for høgvatn, fjelltrom er fjellkant, kodlane er haugane/åsane, ra er rad, krotasylle er smidd, utforma sylv, uppser tyder bratt utforbakke, sleskarv, sva er svaberg og ordet gloddren finst visst berre i Ulvik og tyder skinande.

Andre strofa: Tøyde seg ned, gav solstrålar til, kveldsråen er kveldsroden, ok seg i hop tyder – trekte seg til kvarandre, fudla er her mest.

Tredje strofa: Fargabridge er fargeskifte/mangfald, i traøe i lengt, jiddra tyder bivra/skjelva

Fjerde strofa: Kviddren er fuglesongen, rinde er ein kant/rind, kjos er eit lite skogholt/lund.

Femte strofa: Her nemner eg ale, som tyder vakse opp, og minnelsar, som tyder hendingar/minne.

Sjå på songen, som du finn under, og gå igjennom han, gjerne eldre med yngre, i alle høve fleire i hop. Les han gjerne høgt, og få med dykk innhaldet. Det er mykje musikk i dette språket. Og framfor alt: Syng han til Jakob Lekve sin flotte tone!

-Arne Skjerven-

ULVIKA-SONGJEN

Ho løyne seg så bljug burtum
viddo i vest
-ei venare ingjensta eg minnest, -
Frao floarmaol te fjelltrom ho
Budde seg te fest
Å finare buna inkje finnest.
Me' kodlane sto skaute i rekkje å
ra
å krotasyllle sildra frao upser å
sva
å fjorden la seg glodren å glitra.

Å solæ gav seg stunder å tøydde
seg ned
Te da so sku' livna å sku' spretta.
Naor kvelda-råen minka tok
nutane te
Å vørmdde um da so skulde vetta.
Men lenger ut pao nottæ dei ok
seg i hop,
dei tottest fudla høyra eit
kvinkande rop
um livd fy dei voner va vekte.

So ok da te å bløma i hagje å li,
Eit hildrande fargabrigde
fløymde,
Me' Folgefonnæ speglende syll-
kaopo si
Å Onen i solaglimen drøymde.
Frao Seljestad te Moo, frao Steine
te Sæ
Sto gjemen ifrao bakkar, frao
børar å tre
I traoe ette live å jiddra—

Å ingjensta va kviddren i rinde å
kjos
so kaote å fuglane so sæle,
Å ingjensta va susen or elv elde
os
so djupe å løyndafudl i mæle,
å himmelen so høge, å lukte so
blao,
å venene so goe, å sutena so
smao,
å tankane so heile å reine.

Å mangje ha du ale, å mangje
laut ut
-d'æ ymist ein helste skulde
gløyma,
Men minnelsar um ålvår, um
sakna å sut
Kan henda ein helste skulde
gjøyma.
Um via eg har færast, um væræ
æ vi
So va du å so vette du
heimbygdæ mi
Um sjøle eg so heimløysa vanka—

-Magnus Hydle-